

Fra: Tor Harald Rødseth (Tor.Harald.Rodseth@hfk.no)
Sendt: 01.12.2015 16:06:35
Til: 'ledelse@taxi1.no'
Kopi: Rolf Rosenlund; Håkon Rasmussen

Emne: Dykkar epost av 30.11.15
Vedlegg: image001.png

Til

Taxi 1 AS

ledelse@taxi1.no

Gjeld dykkar epost av 30.11.15

Vi stadfester mottak i dag av dykkar epost av 30.11.15.

Vår epost med med orientering om vedtaket er dagsett 27.11.15, og dette er difor den dato klagefristen løper frå.

I følge forvaltningslova § 32 d) må ein klage «nevne den endring som ønskes i det vedtak det klages over». På grunnlag av ordlyden i eposten dykkar, legg vi til grunn at den endring som vert ønskt er at Tide Buss AS ikkje skal kunne nytte den godkjente rutetraseen. Dersom dette ikkje er rett, må vi snarast motta ei presisering av kva endring de ønskjer i vedtaket.

Vi legg opp til å vurdere om de har rettsleg klageinteresse i saka. Dersom de har det, vil fylkeskommunen, såframt den ønskje endringa er den som er lagt til grunn ovanfor, vurdere om vedtaket skal gjevast oppsetjande verknad.

Vi minner om at elektronisk korrespondanse, som etter offentleglova § 4 må reknast som saksdokument for fylkeskommunen, vert registrert i fylkeskommunen sin journal dersom den er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. Slik elektronisk korrespondanse er som hovudregel open for innsyn for alle.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen



Tlf: 55 23 93 53
www.hordaland.no